

Skule	Klasse 7	Elevnummer p617	Kjønn		Det fyrste språket du lærte	
			jente ☐	gut ☒	Norsk ☒	Anna ☐

Grunnlova vår

Eg synest at Grunnlova er veldig viktig fordi den gjer at me har stemmerett og at me er eit fritt land. Eg synest at Grunnlova er bra fordi at den gjer at me får gå på skule å få ein god utdanning. Eg synest at det er bra at me har Grunnlova fordi visst ein ikkje hadde hatt den så hadde ikkje alle kunna gått på skule og ikkje alle kunne vere med på å bestemme.

Grunnlova blei laga av 112 menn. Me feirar at Grunnlova vår er 200 år i år. Grunnlova blei innført i 17. mai 1814 på Eidsvoll. Grunnlova har gjort at me har demokrati og at me har fått rett til utdanning. For meg betyr det at eg kan gå på skule og få vere med å bestemme. Den har og gjort at me har ytringsfrihet slik at me får sei ting me meiner, men me får ikkje koma med falske anklagar om andre. Den handlar og om at ein ikkje får torturere folk slik at dei dør. Grunnlova har gjort at me har fått demokrati i landet vårt, som gjer at fleirtalet bestemmer. Grunnlova har gjort at me har blitt eit fritt land. Me har og fått ytringsfrihet som har gjort at me får lovt til å bevega oss fritt, som gjorde at me slepp å ha med oss pass for å flytta, eller å reise ein plass.

Eg er glad for at me har grunnlova fordi at den har gjort at me har det så godt.

